



Hordaland Fylkeskommune

Etne, 01.10.2015

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Sakshandsamar:

15/1958/15/1166 N - 256, Hist - 10/299  
6

SOF

**Stødleterrassen - Freding av areal, vernesak. Ny 1. gangshøyring.**

Etne kommunestyre - 066/15:

Det er gjort følgjende vedtak i saken:

**Samrøystes**

Etne kommune registrerer at justert framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen er redusert til 521 dekar. Kommunen si uttale frå 2. gangshøyringa i 2012, kommunestylesak 003/12, er ikkje kommentert i detalj av Hordaland Fylkeskommune, verken i oversendingsbrevet til Riksantikvaren 08.01.13 eller i samband med ny høyring. Etne kommune ønskjer å vente med å gi sitt endeleg syn på nytt verneframlegg til ny 2. gangshøyring i kommunen, slik at vi først kan sjå kva berørte grunneigarar, organisasjonar, næringsliv o.a. meiner om framlegget. I denne omgang nyttar vi høve til å gjenta vår uttale frå 2012. Vi krev at denne vert kommentert punktvis før 2. gangshandsaminga.

Inntil vidare står såleis vårt grunnsyn ved lag, om at Etne kommune er negative til freding.

**Kommunestyrevedtak 003/12:**

1) A. Etne kommune stadfester at vi er negative til freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova. Høyringa i 2011 gir også uttrykk for stor skepsis til framlegget, inkl. Fylkesutvalet sitt vedtak av 24.8.11. Høyringa underbygger vårt standpunkt i saka, og vi ber Riksantikvaren ta omsyn til dei lokale syna på fredinga.

B. Mykje av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. Etne kommune meiner at Plan- og bygningslova gir gode virkemidlar for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Vi forventar at Riksantikvaren diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune, t.d. i høve til det komande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune meiner verneprosessen diverre har vore mindre god i høve til reell



medverknad. Med reell medverknad har vi frå lokalt hald meint at vi via god dialog får gjennomslag for delar av innspela våre. Høyringa stadfester at få av innspela blir tekne omsyn til, anna enn einskildpunkt i forvaltningsplanen. Vi meiner framleis at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Vi forventar ein større reell medverknad i den vidare kontakten med kulturstyresmaktene.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Våre spørsmål og innspel vedrørande heimelsgrunnlaget for fredinga og storleiken på fredingsområdet er ikkje gitt ei grundig vurdering i oppsummeringa av høyringa, og svaret er for lite grunngitt i høve til våre detaljerte spørsmål, døme og vising til faglitteratur mm. Vi forventar at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmåla.

B. Etne kommune krev at kulturstyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilrekkeleg utgreidd. Kravet er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ei generell omtale av kva for samfunnsmessige verknader ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming.

D. Verneføresegne skal formulerast i eit langsiktig perspektiv og må være tilrekkeleg fleksible, slik at dei både tar omsyn til dei ulike eigarane sine framtidige behov og til formålet med fredinga (kjelde: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kapt. 4.2.4). Dette må også gjelde reglane i forvaltningsplanen. Planen må vere ferdig før freding blir avgjort.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 årleg i øyremerkte offentlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forsking, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemrd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Vi føreset tilsvarande at Hordaland Fylkeskommune følgjer opp i høve til eigne prioriteringar av økonomi og personalressursar. Med basis i Fylkesdelplan for museum i Hordaland 2011-2015 må det saman med Bergen Museum arbeidast for å få originale fornfunn, inkl. funn frå Stødleterrassen, tilbake til Etne kommune / Skakkesenteret for utstilling og ev. deponi. Dette er i tråd med vårt innspel til nemnte plan.

F. Grunneigarar som får ekstrakostnader med einskildtiltak, bruksutbygging etc. som følgje av fredinga, må få kompensasjon for dette. Styresmaktene må leggje opp til at det offentlege virkemiddelapparatet tek høgde for slike kostnader.

-----  
For grunngiving av våre innspel, syner vi også til saksutgreiinga i k-sak 003/12.

Med helsing

Sonja Frafjord  
informasjonskonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



# SAKSUTGREIING

## ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	08.09.2015	076/15
Etne kommunestyre	29.09.2015	066/15

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Erik Kvalheim	N - 256, Hist - 10/299	15/1958

Stødleterrassen - Freding av areal, vernesak. Ny 1. gangshøyring.

### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune registrerer at justert framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen er redusert til 521 dekar. Kommunen si uttale frå 2. gangshøyringa i 2012, kommunestyresak 003/12, er ikkje kommentert i detalj av Hordaland Fylkeskommune, verken i oversendingsbrevet til Riksantikvaren 08.01.13 eller i samband med ny høyring. Etne kommune ønskjer å vente med å gi sitt endeleg syn på nytt verneframlegg til ny 2. gangshøyring i kommunen, slik at vi først kan sjå kva berørte grunneigarar, organisasjonar, næringsliv o.a. meiner om framlegget. I denne omgang nyttar vi høve til å gjenta vår uttale frå 2012. Vi krev at denne vert kommentert punktvis før 2. ganghandsaminga.

Inntil vidare står såleis vårt grunnsyn ved lag, om at Etne kommune er negative til freding.

### Kommunestyrevedtak 003/12:

- 1) A. Etne kommune stadfester at vi er negative til freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova. Høyringa i 2011 gir også uttrykk for stor skepsis til framlegget, inkl. Fylkesutvalet sitt vedtak av 24.8.11. Høyringa underbygger vårt standpunkt i saka, og vi ber Riksantikvaren ta omsyn til dei lokale syna på fredinga.
  
- B. Mykje av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. Etne kommune meiner at Plan- og bygningslova gir gode virkemidlar for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Vi forventar at Riksantikvaren diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune, t.d. i høve til det komande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.
  
- C. Etne kommune meiner verneprosessen diverre har vore mindre god i høve til reell medverknad. Med reell medverknad har vi frå lokalt hald meint at vi via god dialog får

gjennomslag for delar av innspela våre. Høyringa stadfester at få av innspela blir tekne omsyn til, anna enn einskildpunkt i forvaltningsplanen. Vi meiner framleis at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Vi forventar ein større reell medverknad i den vidare kontakten med kulturstyresmaktene.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Våre spørsmål og innspel vedrørande heimelsgrunnlaget for fredinga og storleiken på fredingsområdet er ikkje gitt ei grundig vurdering i oppsummeringa av høyringa, og svaret er for lite grunngitt i høve til våre detaljerte spørsmål, døme og vising til faglitteratur mm. Vi forventar at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmåla.

B. Etne kommune krev at kulturstyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilrekkeleg utgreidd. Kravet er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ei generell omtale av kva for samfunnsmessige verknader ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming.

D. Verneføresegnene skal formulerast i eit langsiktig perspektiv og må være tilrekkeleg fleksible, slik at dei både tar omsyn til dei ulike eigarane sine framtidige behov og til formålet med fredinga (kjelde: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kapt. 4.2.4). Dette må også gjelde reglane i forvaltningsplanen. Planen må vere ferdig før freding blir avgjort.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 årleg i øyremerkte offentlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forsking, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Vi føreset tilsvarande at Hordaland Fylkeskommune følgjer opp i høve til eigne prioriteringar av økonomi og personalressursar. Med basis i Fylkesdelplan for museum i Hordaland 2011-2015 må det saman med Bergen Museum arbeidast for å få originale fornfunn, inkl. funn frå Stødleterrassen, tilbake til Etne kommune / Skakkesenteret for utstilling og ev. deponi. Dette er i tråd med vårt innspel til nemnte plan.

F. Grunneigarar som får ekstrakostnader med einskildtiltak, bruksutbygging etc. som følge av fredinga, må få kompensasjon for dette. Styresmaktene må leggje opp til at det offentlege virkemiddelapparatet tek høgde for slike kostnader.

---

For grunngiving av våre innspel, syner vi også til saksutgreiinga i k-sak 003/12.

## **08.09.2015 Formannskap**

Sigve Sørheim (Sp) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Roar Gundegjerde (H) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Røysting:

Sigve Sørheim (Sp) samråystes innhabil. Sjur Aakra (Sp) stilte som vara i saka.

Roar Gundegjerde (H) samråystes innhabil.

## **F- 076/15 Vedtak:**

### **TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samråystes**

Etne kommune registrerer at justert framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen er redusert til 521 dekar. Kommunen si uttale frå 2. gangshøyringa i 2012, kommunestyresak 003/12, er ikkje kommentert i detalj av Hordaland Fylkeskommune, verken i oversendingsbrevet til Riksantikvaren 08.01.13 eller i samband med ny høyring. Etne kommune ønskjer å vente med å gi sitt endeleg syn på nytt verneframlegg til ny 2. gangshøyring i kommunen, slik at vi først kan sjå kva berørte grunneigarar, organisasjonar, næringsliv o.a. meiner om framlegget. I denne omgang nyttar vi høve til å gjenta vår uttale frå 2012. Vi krev at denne vert kommentert punktvis før 2. gangshandsaminga.

Inntil vidare står såleis vårt grunnsyn ved lag, om at Etne kommune er negative til freding.

#### Kommunestyrevedtak 003/12:

1) A. Etne kommune stadfester at vi er negative til freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova. Høyringa i 2011 gir også uttrykk for stor skepsis til framlegget, inkl. Fylkesutvalet sitt vedtak av 24.8.11. Høyringa underbygger vårt standpunkt i saka, og vi ber Riksantikvaren ta omsyn til dei lokale syna på fredinga.

B. Mykje av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. Etne kommune meiner at Plan- og bygningslova gir gode virkemidlar for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Vi forventar at Riksantikvaren diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune, t.d. i høve til det komande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune meiner verneprosessen diverre har vore mindre god i høve til reell medverknad. Med reell medverknad har vi frå lokalt hald meint at vi via god dialog får gjennomslag for delar av innspela våre. Høyringa stadfester at få av innspela blir tekne omsyn til, anna enn einskildpunkt i forvaltningsplanen. Vi meiner framleis at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Vi forventar ein større reell medverknad i den vidare kontakten med kulturstyremaktene.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Våre spørsmål og innspel vedrørende heimelsgrunnlaget for fredinga og storleiken på fredingsområdet er ikke gitt ei grundig vurdering i oppsummeringa av høyringa, og svaret er for lite grunngitt i høve til våre detaljerte spørsmål, døme og vising til faglitteratur mm. Vi forventar at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmåla.

B. Etne kommune krev at kulturstyremaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av moderne teknologi, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilrekkeleg utgreidd. Kravet er ikke ei formell konsekvensutgreiing, men ei generell omtale av kva for samfunnsmessige verknader ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming.

D. Verneføresegner skal formulerast i eit langsiktig perspektiv og må være tilrekkeleg fleksible, slik at dei både tar omsyn til dei ulike eigarane sine framtidige behov og til formålet med fredinga (kjelde: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kapt. 4.2.4). Dette må også gjelde reglane i forvaltningsplanen. Planen må vere ferdig før freding blir avgjort.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 årleg i øyremerkte offentlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forsking, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemrd, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjekontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Vi føreset tilsvarande at Hordaland Fylkeskommune følgjer opp i høve til eigne prioriteringar av økonomi og personalressursar. Med basis i Fylkesdelplan for museum i Hordaland 2011-2015 må det saman med Bergen Museum arbeidast for å få originale fornfunn, inkl. funn frå Stødleterrassen, tilbake til Etne kommune / Skakkesenteret for utstilling og ev. deponi. Dette er i tråd med vårt innspel til nemnte plan.

F. Grunneigarar som får ekstrakostnader med einskildtiltak, bruksutbygging etc. som følge av fredinga, må få kompensasjon for dette. Styremaktene må leggje opp til at det offentlege virkemiddelapparatet tek høgde for slike kostnader.

---

For grunngiving av våre innspel, syner vi også til saksutgreiinga i k-sak 003/12.

## **29.09.2015 Etne kommunestyre**

Sigve Sørheim (Sp) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Roar Gundegjerde (H) bad om å få vurder habiliteten sin.

Røysting:

Begge samrøystes innhabile

Harald Lindevik (Sp) og Lars Olav Bergsvåg (H) stilte som vara i saka.

**K- 066/15 Vedtak:**

**Samrøystes**

Etne kommune registrerer at justert framlegg til fredingsområde på Stødleterrassen er redusert til 521 dekar. Kommunen si uttale frå 2. gangshøyringa i 2012, kommunestyresak 003/12, er ikkje kommentert i detalj av Hordaland Fylkeskommune, verken i oversendingsbrevet til Riksantikvaren 08.01.13 eller i samband med ny høyring. Etne kommune ønskjer å vente med å gi sitt endeleg syn på nytt verneframlegg til ny 2. gangshøyring i kommunen, slik at vi først kan sjå kva berørte grunneigarar, organisasjonar, næringsliv o.a. meiner om framlegget. I denne omgang nyttar vi høve til å gjenta vår uttale frå 2012. Vi krev at denne vert kommentert punktvis før 2. ganghandsaminga.

Inntil vidare står såleis vårt grunnsyn ved lag, om at Etne kommune er negative til freding.

**Kommunestyrevedtak 003/12:**

1) A. Etne kommune stadfester at vi er negative til freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova. Høyringa i 2011 gir også uttrykk for stor skepsis til framlegget, inkl. Fylkesutvalet sitt vedtak av 24.8.11. Høyringa underbygger vårt standpunkt i saka, og vi ber Riksantikvaren ta omsyn til dei lokale syna på fredinga.

B. Mykje av Stødleterrassen er allereie freda gjennom kulturminnelova. Etne kommune meiner at Plan- og bygningslova gir gode virkemidlar for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Vi forventar at Riksantikvaren diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune, t.d. i høve til det komande arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

C. Etne kommune meiner verneprosessen diverre har vore mindre god i høve til reell medverknad. Med reell medverknad har vi frå lokalt hald meint at vi via god dialog får gjennomslag for delar av innspela våre. Høyringa stadfester at få av innspela blir tekne omsyn til, anna enn einskildpunkt i forvaltningsplanen. Vi meiner framleis at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og meir byråkrati. Vi forventar ein større reell medverknad i den vidare kontakten med kulturstyresmaktene.

2) Dersom freding likevel blir vurdert, har Etne kommune desse innspela/krava:

A. Våre spørsmål og innspel vedrørande heimelsgrunnlaget for fredinga og storleiken på fredingsområdet er ikkje gitt ei grundig vurdering i oppsummeringa av høyringa, og svaret er for lite grunngitt i høve til våre detaljerte spørsmål, døme og vising til faglitteratur mm. Vi forventar at Riksantikvaren går djupare inn i spørsmåla.

B. Etne kommune krev at kulturstyresmaktene gjennomfører ei feltundersøking med bruk av

moderne teknologi, for å auke kunnskapsgrunnlaget om funnpotensialet rundt eksisterande kulturminne og elles i planområdet. Dette også i høve til spørsmålet om heimelsgrunnlaget i kulturminnelova § 19.

C. Etne kommune meiner andre samfunnsinteresser som blir berørt av freding framleis ikkje er tilrekkeleg utgreidd. Kravet er ikkje ei formell konsekvensutgreiing, men ei generell omtale av kva for samfunnsmessige verknader ei freding vil kunne få. Dette må også høyre heime i ei sak om freding etter kulturminnelova, som del av fullført sakshandsaming.

D. Verneføresegnene skal formulerast i eit langsiktig perspektiv og må være tilrekkeleg fleksible, slik at dei både tar omsyn til dei ulike eigarane sine framtidige behov og til formålet med fredinga (kjelde: St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner kapt. 4.2.4). Dette må også gjelde reglane i forvaltningsplanen. Planen må vere ferdig før freding blir avgjort.

E. Etne kommune krev at det vert sett av 300.000 årleg i øyremerkte offentlege midlar til Stødleterrassen; til fagleg oppfølging, feltundersøkingar, forsking, fysisk tilrettelegging, informasjonsverksemde, skjøtsel av kulturminne mm. Kulturhistorisk kunnskapsformidling kan også vere t.d. nettbasert eller knytt til Skakkesenteret i Etne sentrum. Stødle kyrkje må følgjast opp særskilt av Riksantikvaren, i samarbeid med Etne kommune og kyrkjakontoret, i høve til tilstandsvurdering, vedlikehald, fagleg bistand, økonomi mm.

Vi føreset tilsvarande at Hordaland Fylkeskommune følgjer opp i høve til eigne prioriteringar av økonomi og personalressursar. Med basis i Fylkesdelplan for museum i Hordaland 2011-2015 må det saman med Bergen Museum arbeidast for å få originale fornfunn, inkl. funn frå Stødleterrassen, tilbake til Etne kommune / Skakkesenteret for utstilling og ev. deponi. Dette er i tråd med vårt innspel til nemnte plan.

F. Grunneigarar som får ekstrakostnader med einskildt tiltak, bruksutbygging etc. som følgje av fredinga, må få kompensasjon for dette. Styresmaktene må leggje opp til at det offentlege virkemiddelapparatet tek høgde for slike kostnader.

---

For grunngiving av våre innspel, syner vi også til saksutgreiinga i k-sak 003/12.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Innleiing (bakgrunn for saka):**

Framlegg til freding av delar av Stødleterrassen kjem no på ny høyring. Ved høyringane i 2011 og 2012 kom der inn 20 merknadar. Etne kommune gav to uttalar. Ingen uttalar gav full støtte til freding. På bakgrunn av merknadane reduserte Hordaland Fylkeskommune/Kulturseksjonen fredingsarealet frå 917 til 521 dekar og sendte si tilråding til Riksantikvaren 08.01.13. Riksantikvaren svarte i brev 29.04.13 at endringane var så store at det er naudsynt med ei ny høyring. Dei sa òg at det etter ny høyring må lagast eit samandrag av innkomne

merknadar, med fylkeskommunen sine kommentarar, som skal følgje saka vidare, inkl. naudsynte vedlegg. Vi har ikkje sett at fylkeskommunen har kommentert vår fyldige uttale frå 2. gangshøyringa i februar 2012, så rådmannen ønskjer å nytte høve til å etterlyse dette no i samband med ny høyring.


**Problemstilling:**

Saksdokumenta for ny høyring ligg på fylkeskommunen sine nettsider på linken:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Nytt-fra-kulturminnevern-og-museum/Revidert-fredingsforslag-for-Stodleterrassen-i-Etne--1-gongs-hoering/>

Justert fredingsareal er vist på kartet under. I høve til opphavleg framlegg er arealet redusert i nord mot Urahaugen, i sør mot Etneelva, større buffer mot sandtaket på Sørheim og ved gravfeltet på Hetlebrekk. Heile arealet på Austrheim er teke ut av planen. Verneføreseggnene er forenkla litt og framlegg til forvaltningsplan er utsett til etter avklaring om freding.

Fredinga omfattar ikkje bygningar, men eit 20-tals bygg ligg innafor verneområdet.



Kulturseksjonen seier m.a. dette om framlegget (henta frå politisk saksdokument på fylket):  
*Fredingsforslaget omfattar 521 dekar og dekkjer i hovudsak dei delane av terrassen der det ligg automatisk freda kulturminne, og der det er størst potensiale for nye funn. Fredinga skal bevara verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet ved å oppretthalda samanhengen mellom dei og landskapet. Vidare skal fredinga sikra dei automatisk freda kulturminna som kan liggja skjult i marka. Det er soleis omsynet til kjende og ukjende automatisk freda kulturminne som er det sentrale. Fredinga skal ikkje føre til vesentlege endringar i driftsform og virke. Vidare drift er i tråd med, og ønskjeleg, i høve til formålet med fredinga. Det er lagt vekt på at fredinga ikkje skal føra til vesentleg ulempe for eigarar og brukarar på Stødleterrassen. Føreseggnene seier at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med retningsliner for drift, skjøtsel og vedlikehald. Med tilrettelagte verkemiddel vil ei freding kunne verka til å styrke og vektlegga landbruket og opplevingsbasert verksemد som*

*næringer i dette spesielle området.*

---

*Fredingsføresegnene slår fast at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for området, med retningslinjer for drift, skjøtsel og tiltak. Det vil vera viktig at både grunneigar og ulike forvaltningsnivå er innforstått med dei rettar og plikter som gjeld. Forvaltingsplanen skal vera ei brukarvenleg rettleiing som klargjer dette og forenklar sakshandsaminga. Målet er at flest mogleg tiltak skal kunne utførast utan at fylkeskommunen som kulturminnestyremakt må involverast, ei løysingsorientert dispensasjonspraksis og ei enkel og rask sakshandsaming generelt. Forvaltingsplanen er difor avgjerande for ei god forvalting av det freda området, og utarbeiding av planen må gjevast høg prioritet.*

---

*Samanhengen mellom kulturminna og landskapet på Stødleterrassen er sterk. Sagamaterialet gjev staden ein viktig historisk dimensjon. Erling Skakke starta bygginga av Stødle kyrkje og plasserte denne i landskapet på ein framtredande plass for å visa status. Kyrkje er plassert midt oppe i eit eldre gravfelt frå jernalderen. Få stader på Vestlandet er det like tydeleg korleis landskapets føresetnader, økonomisk aktivitet og politisk makt var knytt saman frå langt tilbake i førhistorisk tid og fram til mellomalderen. Her ligg eit stort potensiale for kunnskapsformidling og opplevingsbasert næring knytt til kulturminna i området. I samråd med lokale styresmakter og grunneigarar bør det greiast ut korleis dette potensialet kan utviklast.*

#### **Vurdering:**

Fredingsforslaget er ei såkalla områdefreding etter § 19 i kulturminnelova, som gir heimel til å freda områda rundt kulturminne som alt er freda. Reglar for sakshandsaming seier altså at kommunen skal ha høve til å uttala seg to gangar før saka blir sendt til Riksantikvaren med Kulturseksjonen si tilråding. Rådmannen meiner det er naturleg å vente med å ta endeleg stilling til det nye framlegg til vi får saka tilbake etter den offentlege 1. gangshøyringa. Vi kan då først sjå kva lokale grunneigarar, næringsliv og andre høringsinstansar meiner om framlegg, og korleis Kulturseksjonen kommenterer dette. Det er viktig for kommunen å vite kva dei som er berørte av fredinga meiner, før vi sjølv tek stilling i saka. Rådmannen tilrår at vi i denne omgang nyttar høvet til å gjenta våre innspel frå førre høyring i 2012, som vi altså ikkje har fått tilbakemelding på. Eit redusert fredingsareal svarar heller ikkje på særleg mykje av innspela våre, men vi kan sjølv sagt seie at vi då har fått meir gjennomslag for vårt syn, jf. innspel i pkt. 1 A om manglande medverknad. I pkt. 1 A er det nemnt at fylkesutvalet var negativ ved førre høyring; det er mogleg dei no endrar syn etter den store arealreduksjonen. Deira vedtak vil i alle høve følgje saka tilbake til oss for 2. gangshøyringa.

<b>Saksgang:</b> Formannskap Kommunestyre
---

**Utskrift til:**

Tenestetorget for utsending av særutskrift:

Hordaland Fylkeskommune på e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)